

## VK FINALE 25 mars 2017

### Filefjell

#### Terreng: Smedalen

Vær og føremelding: Dagen starta med nokre få minusgrader, litt vind og skya opphaldsvær. Etter ei natt med mykje vind var værtilhøva greie.

Stort sett godt føre for hundane, med litt tyngre parti i bjørkeliene der det låg litt meir laus snø.

Alt låg såleis til rette for dei 16 hundane som var kvalifisert for finalen.

Dommarar: Arne Hvamb og Knut Steinar Skiple

#### Følgande var kvalifisert:

|                 |                      |
|-----------------|----------------------|
| ES Adam         | Aud Breivik          |
| ES Lozen        | Morten Soltvedt      |
| KV Balto        | Aksel Mowatt Larssen |
| IS Diego        | Jan Christian Jersin |
| Es Sniff        | Bjørn Sjurseth       |
| IS Fudge        | Bjarte Sjøgaard      |
| IS Bella        | Per Arild Lie        |
| KV Solo         | Robert Brenden       |
| ES Sally        | Fredrik Aalerud      |
| ES Next To Noon | Sten Blach Sørensen  |
| P Roxy          | Kathrine Samdal      |
| ES Veni Vidi    | Svein Erik Bowitz    |
| ES Why Me       | Anders Hetlevik      |
| KV Jippi        | Rune Torgersen       |
| ES Peppa        | Bjørn Sjurseth       |
| KV Nikita       | Robert Brenden       |

Første runde, 15 min.

#### 1 slepp ES Adam mot ES Lozen

I oversiktleg terreng tek Lozen føringen med utmerka reviering og stor fart. Adam går også svært godt men blir liggande meir einssidig på venstre flanke. Adam tar stand langt ute, og når førar kjem til går Adam villig fram utan å presentere fugl. Begge hundane settes på igjen og like etter ser vi Lozen forfølge rypeflokk. Sleppe vert stoppa og Adam har tid til gode.

Adam over Lozen som utgår.

#### 2 slepp KV Balto mot IS Diego

Begge startar friskt med Balto i føringen på meir systematisk terrengdekning. Diego tar stand langt ute som han raskt løyser ut sjølv. Seinare ny stand på Diego. Når førar kjem til går Diego villig fram utan at me ser noko anna enn ferske rypespor. Begge vert sett på igjen utan at noko meir skjer i dette sleppet.

Balto over Diego

Rangering: Balto, Diego t.st. Adam ikkje rangert inn.

#### 3 slepp ES Sniff mot IS Fudge

Fudge tek føringa, Sniff slår bak i vinden og kjem på etterskot. Etter kvart kjem Sniff seg godt ut på høgre flanke og støkker rypeflokk. Roleg på kommando. Når han set i gang igjen lettat resten av flokken og Sniff vert for uroleg i denne situasjonen. Utgår.

Adam som har tid til gode vert sett på som ny makker til Fudge, som nok ein gong tek føringa med eit søk av høg klasse. Adam vert einssidig på høgre flanke, og brukar lang tid på dette. Han vert for omstendleg og me avsluttar Adam.

Fudge over Adam som utgår.

Rangering: Balto, Diego t.st, Fudge sj.

#### 4 slepp IS Bella mot KV Solo

Solo tek føringen på større format, men Bella går og i stor fart med god reviering. Solo får mykje terreng med, og trekker an opp bratt li. Når førar kjem til avanserar han på springande ryper og maktar å «spikre» desse. Reiser villig på ordre og er roleg i oppflukt og skot. Apporterer korrekt.

Begge settes på med søk som før. På ny trekker Solo an i bratt li lenger framme i terrenget. Det tek noko tid å kome fram til Solo, og han står mot ein topp. Heilt samtidig festar Bella stand på motsatt flanke lågare i terrenget. Solo går villig på utan at me klarer observere fugl. Bella går villig fram til ny stand i eit par omgangar. Det lettat fugl presist framom Bella i stand, men får ikkje vist reis. Komplette roleg i oppflukt og skot og korrekt apport.

Solo over Bella.

Rangering: Solo FMR t.st, Bella FUR sl, Balto, Diego t.st, Fudge sj.

#### 5 slepp ES Sally mot ES Next To Noon

Sally tar straks føringen og går i stor fart med god reviering. Next verkar noko tung i dag og brukar litt tid på å kome i gang. Sally festar stand, går villig på utan resultat.

Søket til Next bedrar seg noko, men virkar fortsatt tung. Seinare festar han stand, Sally kjem til og respekterer ikkje Next sin stand. Det vert ikkje observert fugl. Sleppet vert stoppa og begge utgår, Next pga manglande klassenivå søk.

Rangering som før.

#### 6 slepp P Roxy mot ES Veni

Veni fører sleppet og går glimrande. Roxy går og i stor fart med høg intensitet, men blir noko einssidig. Veni festar stand langt ute høgt i terrenget. Når me er på veg opp justerer ho seg fleire gonger, men har tydleg kontakt med fugl heile tida. Når førar og dommar er på jaktbart hold lettar det fugl presist framom Veni, og det skytes. Dessverre forfølger Veni for langt i den bratte unnabakken.

Roxy har tid til gode og vert ikkje rangert inn.

Rangering: Som før

#### 7 slepp ES Why Me mot KV Jippi

Why Me fører sleppet på betre terrengdekning. Går i stor fart og fin stil. Jippi vert meir rettlinja i søksopplegget men har eit stort format. Det lettar ein stor rypeflokk utan at situasjonen kan bedømmast. Seinare tek Jippi stand langt ute. Når førar kjem til mister han strålen og løyser ut.

Rett etterpå lettar ei rype utanfor jaktbart hold. Why Me over Jippi. Begge sjanse og Jippi t.st.

Rangering: Solo FMR t.st, Bella FUR sl, Balto, Diego t.st, Fudge sj. Why Me sj. Jippi sj. t.st

#### 8 slepp ES Peppa mot KV Nikita

Begge startar ut i stor fart og dekker enormt med terreng. Dei vekslar heile tida om føringa. Heilt på slutten av sleppet festar Peppa ein stilfull stand. Når førar kjem til lettar det ryper presist framom Peppa som er komplett rolet i oppflukt og skot. Apporterer korrekt.

Peppa over Nikita

**Rangering 1 runde:** Solo FMR t.st, Peppa FUR, Bella FUR sl, Balto, Diego t.st, Fudge sj. Why Me sj. Nikita sl. Jippi sj. t.st

Roxy 5 min til gode

Ute: Lozen, Adam, Sniff, Sally, Next To Noon, Veni

#### **Oppsett 2 runde 10 min:**

KV Balto – IS Fudge

IS Diego – IS Bella

KV Solo – P Roxy

ES Why Me – ES Peppa

KV Jippi – KV Nikita

### 9 slepp KV Balto mot IS Fudge

Fudge legg seg sraks ut i eit stort anlagt søk og fører sleppet. Etter litt «smårusk» heilt i starten går Balto og svært god og får med mykje terreng. Det lettar fugl i frå område der begge hundane er utan at nokon er i direkte kontakt med rypane. Begge sjanse. I dette sleppet har me Fudge over Balto.

Rangering: Balto sj. Fudge sj i bg. slepp

### 10 slepp IS Diego mot IS Bella

Begge går svært godt og får mykje terreng med på begge sider. Dei vekslar heile tida om føringa, og settes likt i dette sleppet.

Rangering: Bella FUR, Diego t.st, Balto sj, Fudge sj i bg sl.

### 11 slepp KV Solo mot P Roxy

Solo tar føringen og vinn sleppet på meir effektivt søksopplegg. Roxy har stor fart og høg intensitet, men søksopplegget er ikkje heilt av same kvalitet. Solo over Roxy.

Rangering: Solo FMR, t.st, Bella FUR, Diego t.st, Balto sj, Fudge sj i bg sl. Roxy sl.

### 12 slepp ES Why Me mot ES Peppa

Begge går i stor fart og får mykje terreng med på begge sider. Dei vekslar om føringen og begge er litt vekke i tett bjørkeskog, men dette løyser seg fint og dei settes likt i dette sleppet.

Rangering: Solo FMR, t.st, Peppe FUR, Bella FUR, Diego t.st, Balto sj, Why Me sj, Fudge sj i bg sl. Roxy sl

### 13 slepp KV Jippi mot KV Nikita

Nikita tar føringen og går glimrande med flott reviering. Jippi kjem på etterskot og har fortsatt noko rettlinja søksopplegg. Jippi tar stand og brukar tid utan at det fører til noko resultat.

Nikita over Jippi som no er ferdigbedømt.

**Rangering etter 2 runde:** Solo FMR, t.st, Peppe FUR, Bella FUR, Diego t.st, Balto sj, Why Me sj, Fudge sj i bg sl. Nikita sl, Roxy sl

Ute: Jippi

Me vel å kjøre ein 3 runde på 5 min, P Roxy har 5 min til gode frå første runde og får difor 2 fem min slepp.

### **Oppsett 3 runde:**

KV Balto – IS Bella

IS Diego – KV Solo

IS Fudge – P Roxy

P Roxy – ES Peppa

ES Why Me – KV Nikita

#### 14 slepp Balto mot Bella

Begge har masse krefter igjen og går svært godt i tett bjørkeskog. Bella vinn sleppet på bedre terrengdekning.

Rangering: Bella FUR, sl, Balto sj.

#### 15 slepp IS Diego mot KV Solo

Begge hundane startar friskt og får masse terreng med. Vekslar om føringen og settes likt i dette sleppet.

Rangering: Solo FMR, t.st, Bella FUR, sl, Diego T.st, Balto sj.

#### 16 slepp IS Fudge mot P Roxy

Fudge fører sleppet frå start av og går glimrande. Roxy går som før med høg intensitet, men blir litt ineffektiv i søksopplegget.

Fudge over Roxy.

Rangering: Solo FMR, t.st, Bella FUR, sl, Diego t.st, Balto sj, Fudge, sj x 2

#### 17 slepp Roxy mot ES Peppa

Peppa fortset sitt søk med høgt klassenivå, og vinn sleppet klart over Roxy som kjem på etterskot.

Peppa over Roxy.

Rangering: Solo FMR, Peppa FUR, t.st, Bella FUR, sl, Diego t.st, Balto sj, Fudge, sj x 2, Roxy sl.

#### 18 slepp Why Me mot Nikita

Nikita imponerer stort søksmessig, og vinn sleppet klart over Why Me som og held klassenivå.

#### **Då er dagen omme og me har fylgjande premieliste:**

|                                  |                |
|----------------------------------|----------------|
| 1 pr VK finale med CACIT KV Solo | Robert Brenden |
| 2 pr VK finale ES Solo           | Bjørn Sjurseth |
| 3 pr VK finale IS Bella          | Per Arild Lie  |

Arne Hvamb

Knut Steinar Skiple